

Sist godkjent i Rådet for funksjonshemma 19.06.2018

Pris for god universell utforming i Vestnes kommune

Rådet for funksjonshemma vil etablere ein pris for god universell utforming i Vestnes kommune. Den symbolske prisen skal vise konkrete eksempel og auke forståinga for omgrepet "Universell Utforming."

Prisen skal bestå av ein bukett roser, ein prisdiplom og ein gåvesjekk på kr. 5.000,-.

Kriterium for prisen:

- Rådet for funksjonshemma i Vestnes kommune bestemmer og kunngjer om og når prisen og rosene for universell utforming i Vestnes kommune skal utdelast.
- Prisen kan tildelast enkeltpersonar, organisasjonar, bedrifter eller offentlege instansar som i praksis har vist at fokus på universell utforming er nødvendig og bra.
- Den universelle utforminga som får ros kan vere knytt til bygningsutforming, utforming av uteområde eller knytt til gjennomføring av arrangement.
- Rådet for funksjonshemma ønskjer forslag på priskandidatar frå innbyggjarar og andre. Forslag skal vere skriftlege og med grunngjeving.
- Rådet for funksjonshemma ønskjer å dele ut prisen minst ein gong kvart år.
- Rådet for funksjonshemma vil stå for alle utgiftene med prisutdelinga.

*****'